

**Sunnhordland museum**

Postboks 51  
5419 Stord

01. Oktober - 2021

**Fitjar Kommune**

Sjøbrekko 1  
5417 Fitjar

## **Budsjettinnspel for 2022 frå Sunnhordland museum**

I samband med Fitjar kommune sitt budsjettarbeid for 2022 tillèt Sunnhordland museum seg å senda innspel om auka driftsstønad, samt økonomisk deltaking i prosjektet "Nye Sunnhordlandstunet".

I 2018 starta eit arbeid i Samarbeidsrådet for Sunnhordland om ein felles museumsstrategi og eit felles løft for Sunnhordland museum. Då det kom til finansiering kom ikkje kommunane fram til ei felles løysing. I vedtaket vart det sagt at museet måtte gå i forhandling med kvar einskild kommune.

### **På bakgrunn av dette søker Sunnhordland museum Fitjar kommune om auka driftsstønad.**

Museet har i 2021 vedteke Strategi for 2021-2024. Vår overordna ambisjon er at Sunnhordland museum skal vera ein attraktiv og berekraftig arena for publikum og samarbeidspartar.

For å nå målsetjinga skal vi framover ha auka satsing på samarbeid med andre for å nå felles mål. Vi vil utvikla populære og komplette publikumskonsept både for regionen sine innbyggjarar og for tilreisande, samt utvikla gode digitale tilbod. Vi skal utnyttja vår desentraliserte struktur med utvikling av arena til det beste for vårt regionale publikum, samt ha eit auka fokus på museet sin finansielle situasjon og moglegheit for eigenfinansiering.

Til dette treng vi finansiell drahjelp.

Sunnhordland museum har eit betydeleg potensiale til å ta rolla som leiande kulturinstitusjon i regionen. Auka driftstilskot frå Fitjar kommune vil i tillegg til å vera med å sikra museet ei forsvarleg drift, bidra til å oppretthalda ei god bygningvernsteneste og at Sunnhordland museum kan vera meir tilstades i alle kommunar med kompetanse og formidling. Museet har i dag knappe ressursar til viktige fagdisiplinar innanfor bevaring, oppbevaring og forvaltning av bygg og samlingar, eller til det rike undervisningstilbodet vi tilbyr skulane. Ei auka satsing vil derfor krevja auka ressursar.

Eit utvida og betre tilbod til både lokalbefolkninga og tilreisande, saman med eit rehabilitert museumsbygg på Leirvik, vil på sikt løfta museet som kulturinstitusjon og auka eigeninntening for vidare satsingar.

Dei siste åra har tilskot til museet frå Fitjar kommune vore tilsaman 17 000,- der 3000,- er definert som generell driftstønad og 14 000 øyremerka museumsrådgjevar.

Museet ber om ei føreseieleg avtale med Fitjar kommune som representerer auka tilskot til museet og søker med dette om at museet aukar tilskotet sitt til kr. 47 000,- og at tilskotet årleg vert justert for lønns og prisauke.

Utrekninga av tilskotsum tek utgangspunkt i innbyggjartal i kommunen og legg til grunn at tilskotet bidreg til å oppretthalda eit godt museumstilbod og fagmiljø til regionen, samt å oppretthalda undervisningstilbod, bygningsvernstenesta og rådgjevingstenesta som museet tilbyr i dag.

Vi håpar Fitjar kommune ser potensialet i å vidareutvikla Sunnhordland museum til glede og nytte for både lokalbefolkning og tilreisande.

#### **“Nye Sunnhordlandstunet”**

I 2020 sendte Sunnhordland museum budsjettinnspel til Fitjar kommune der vi bad om kommunal deltaking i rehabilitering av «Nye Sunnhordlandstunet». Dette innspelet gjekk til alle kommunane i regionen.

Stord kommune vedtok følgjande verbalpunkt i budsjett 2021:

*“Kommunestyret er positive til å bidra med 5,6 million til nytt museumshus ved Sunnhordland Museum, og vil koma attende til løyvinga når prosjektet er fullfinansiert”.*

Sunnhordland museum er svært glade for at Stord kommune med dette seier at dei er med på eit stort og viktig løft for det regionale ansvarsmuseet i regionen, og vi ynskjer på ny å søkja om kommunal deltaking frå Fitjar kommune i prosjektet. Vi legg derfor ved budsjettinnspelet som vart sendt dykk i 2020.

Vi håpar på positiv handsaming av innspela våre og kjem gjerne og presenterer planane våre

Med Helsing



Linda Øen

Direktør

Sunnhordland museum

## Budsjettinnspel/Søknad om tilskot – «Nye Sunnhordlandstunet»



Sunnhordland museum har over tid arbeida med planar om rehabilitering/nybygg av museet sitt hovudbygg på Leirvik. Planane for prosjektet har vore presentert i samarbeidsrådet for Sunnhordland i desember 2019 og i samarbeidsmøter med kommunane i Sunnhordland våren 2019.

Det har i desse presentasjonane vore signalisert at Sunnhordland museum som regionalt ansvarsmuseum for dei 8 Sunnhordlandskommunane vil freista å søkja om kommunal medfinansiering av prosjektet. Kulturdepartementet har løyvd midlar, med forbehold om at prosjektet vert fullfinasert. Hordland fylkeskommune har også løyvd midlar til prosjektet og det vert søkt om ytterlegare løyvingar. I samband med at budsjettarbeid no pågår i kommunane ynskjer Sunnhordland museum å komma med eit budsjettinnspel/søknad til prosjektet retta mot kommunane i Sunnhordland.

Under følgjer prosjektbeskrivelse, investeringsbudsjett, finansieringsplan og søknadsbudsjett retta til kommunane i Sunnhordland.

## Om Sunnhordland museum

Sunnhordland museum er regionalt ansvarsmuseum for dei 8 Sunnhordlandskommunane Stord, Fitjar, Bømlo, Sveio, Tysnes, Kvinnherad og Austevoll. Museet er «minnebank» for heile Sunnhordland. Det vil sei at museet dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande si interesse for regionshistoria.

Sunnhordland museum forvaltar nær 50 antikvariske bygningar, ei stor gjenstandssamling, samt foto- og privatarkivsamlingar. Museet arbeidar med mange historiske fagfelt som strekkjer seg frå mellomalderen på Halsnøy Kloster, via den tradisjonelle fiskar- og bondekulturen og tidleg industrialisering med båtbygging, gruvedrift og hermetikkindustri, fram til dagens moderne skips og petroleumsindustri.

## Prosjektbeskrivelse

Sunnhordland museum sitt hovudbygg ligg sentralt på Leirvik, omkransa av 11 antikvariske bygningar henta frå heile Sunnhordland. Til saman utgjer dette Sunnhordlandstunet. Hovudbygget vårt rommar funksjonar for bevaring av gjenstandar, administrasjon, utstillingar, formidlings og publikumsaktivitet, bibliotek og verkstad. Vasslekkasjar, fukskader, lite fleksible utstillings,- og publikumsareal gjer at bygget sårt treng ei rehabilitering og oppgradering.

Museet har sidan 2011 arbeid med planar for rehabilitering av bygget. Prosjektet omfattar både nybygg og rehabilitering/ombygging av eksisterande bygningsmasse.



Figur 1 Sunnhordlandstunet i dag



Figur 2 Planlagd prosjekt

Under følgjer hovudpunkta i prosjektet:

### Oppgradert og sikra magasin:

På museet har det vore gjentekne og nærast faste vasslekasjar over fleire år og i julehelga 2017 fekk museet ein stor vasslekasje som førde til skadar på fleire hundre gjenstandar i samlinga.

Eksisterande magasin har vore prega av dårleg klima og oppbevaringsforhold for museet sine historiske gjenstandar. Det omsøkte prosjektet inneber ei fullstendig oppgradering av magasinet med drenering for å stoppa vasslekasjar, riving av innvendig kledning for å bli kvitt mugg og råte, støvbitting av betong, klimaangegg, frys for å bekjempe av skadedyr, ny innreiing tilpassa føremålet og eigen sone for inntak av gjenstandar.

#### **Nye utstillings og publikumsareal:**

Eksisterande bygg er bygd i 3 byggjesteg og over fleire nivå. Museet har i dag ikkje eit tilbod som svarar til krava om universell utforming, t.d. har rullestolbrukarar svært begrensa tilgang til museet. Vidare manglar museet eigna lokale for publikumsarrangement, matsservering/kafédriфт og museumsbutikk. Lokala som vert nytta til utstillingar i dag er umoderne, lite funksjonelle og har vore prega av vasslekasjar frå taket. Rehabiliteringa av museumsbygninga vil bøta på desse problema. Museet vil få heilt nye innbydande og funksjonelle lokale for utstillingar, publikumsmottak, kafédriфт og museumsbutikk, festsal og blackboks/filmvisning. Musea møter stadig veksande krav frå det offentlege om auka eigeninntjening. Nye og oppgraderte lokale vil gje oss betre moglegheiter for å auka inntjeninga både med moglegheit for butikk og kafé, utleigemoglegheiter og ikkje minst meir attraktive lokale for publikum å besøkje.

#### **Nye administrasjonslokale:**

Museet har i dag dårleg eigna administrasjons-, og kontorlokale for dei tilsette med dårleg inneklime, for få arbeidsplassar og ingen rom for lagring, møte og andre fellesfunksjonar. Prosjektet vil utbetra denne situasjonen med nye og moderne administrasjonslokale med naudsynte funksjonar.

#### **Oppgraderte uteområde**

Uteområde på museet treng ei oppgradering. Slik det er i dag er det lite plass for parkering, dårleg tilkomst for bussar, ueigna for rullestolbrukarar og det er behov for eit estetisk løft. Prosjektet tek høgde for å oppgradere uteområde med betre tilkomst, parkering og eit meir innbydande uteområde.

### [Plan for organisering av gjennomføringa og byggjeleiaransvar](#)

Prosjektet er grundig gjennomarbeida når det gjeld tekniske løysningar, romprogram og tilhøyrande inventar. Det er føreteke prøvegraving på tomta. Prosjektet vart levert ferdig kalkulert. Det er lagt inn post for uførutsette kostnader og det er vår vurdering at desse tiltaka vil sikra at prosjektet kan gjennomførast i samsvar med kalkylen som no ligg føre.

Prosjektet er klar for anbodskonkurranse i samsvar med lov og forskrift om offentlege innkjøp.

Prosjektet har ei estimert byggjetid på 9-10 månader. Museet har planlagt for 12 månader byggjetid, og av desse er det planlagt for 8 månader leige av kontorlokale.

Teikningar som er utarbeida av arkitekt er grunnlag for prosjektet sitt omfang og krav til materiale og overflater både utvendig og innvendig. Prosjektet var planlagt gjennomført utført som totalentreprise, der ferdig bygg med tilhøyrande utvendig anlegg skal vere komplett, og samsvara med prosjektet sine gitte krav og myndekrav.

Grunna alvorlege vasslekkasjar var museet tvungne til å ta grep i 2018/2019 for å hindra ytterlegare skader på gjenstandar. Magasinet vart evakuert for gjenstandar og dreneringsarbeid vart gjennomført. I tillegg vart det tetta og skifta tak på delar av bygningsmassen. Begge tiltaka var del av den planlagde rehabiliteringa. Då det var naudsynt å starta arbeidet i 2018, før fullfinansiering var på

plass, vil prosjektet måtte gjennomførast i 2 byggetrinn. Kostnadane på byggjesteg 1 held seg innanfor kalkylane.

Sunnhordland museum er ansvarleg byggjeherre for prosjektet. Det er budsjettert med byggjeleing. Museet vil nytta innleigd kompetanse til å ivareta ansvaret. Dette er med å sikre at prosjektet vert gjennomført utan budsjettoverskridingar.

### Kvifor støtte til «Nye Sunnhordlandstunet»

*«Eit samfunn er aldri ferdig bygt, og kunnskap er ein av byggjesteinane. Musea er institusjonar som forvaltar rike gjenstandssamlingar og fortolkingar av fortid og samtid. Fortolkingane kan jamvel peika inn i framtida. Kunnskapen må gjerast tilgjengeleg for folk og vere relevante premisser for forminga av samfunnet. Det er viktig at musea får spela si rolle som kunnskapsinstitusjonar på fleire ulike vis. Musea skal vera innhaldsrrike skattkammer der publikum kan oppsøkje kunnskap og opplevingar. Samstundes skal musea vera pågåande aktørar, som set dagsorden, tek aktivt del i samfunnet og stiller utfordrande spørsmål. Å ha tolkingsnøklar til fortida gjev makt, og med det følgjer ansvar for musea til å ta del i den kritiske offentlegheita med spørsmål om både samtid og framtid. Den fundamentale grunntanken om at musea er til for alle, må heile tida vera i fokus slik at den utoverretta verksemda til musea vert tilgjengeleg og inkluderande for alle samfunnsgrupper.*

*Musea er ikkje betre enn samlingane sine, og det er vesentleg å halda oppe kvaliteten på samlingane og forvaltninga av desse. Samtidig må det vera fokus på at samlingane skal nå ut til publikum, og at det er i møtet med publikum dei oppnår sin eigentlege verdi. Gode samlingar er eit fundament for god formidling og føresetnaden for musea sin kritiske dialog med samfunnet».* (Musea i samfunnet, Hordaland fylkeskommune)

Sunnhordland museum har eit definert ansvar som regionalt ansvarsmuseum. Det inneber at dei kan bidra med rådgjeving innan musealfaglege spørsmål til mellom anna private og kommunale samlingar. Museet jobbar aktivt med å samla inn, bevare og formidla kunnskap om og til heile Sunnhordlandsregionen. Nasjonale og regionale stønadsordningar legg opp til at finansiering av drift og prosjekt i museumssektoren skal byggja på eit spleiselag mellom stat, fylke og kommune. Det er Sunnhordland museum si vurdering at det er avgjerande for realisering av prosjektet at kommunane i Sunnhordland stør opp om prosjektet økonomisk og deltek i spleiselaget.

For å kunna leva opp til desse målsetjingane og utføra samfunnsoppdraget ein har som museum er det viktig at ein sørgjer for gode lokale og fasilitetar for bevaring og sikring av gjenstandar, og ikkje minst at ein har høvelege lokale og fasilitetar for å formidla kunnskapen til publikum. Prosjektet vi søkjer støtte til vil sørga for at gjenstandssamlinga og utstillingar vert sikra på best mogleg vis både med tanke på klima, tjuveri og brann. Vidare tek prosjektet sikte på å leggja til rette for ei mykje betre formidling av samlingar og kunnskap til ei breiare publikumsgruppe en det museet klarar å nå i dag. «Nye Sunnhordlandstunet» vil gje eit ennå betre tilbod til born og unge, auka det kulturelle tilbodet for skular i heile regionen, og endeleg kvalifisera oss som vertskap for fleire vandreutstillingar.

Investeringsbudsjett, finansieringsplan og søknadsbudsjett til kommunane i Sunnhordland

<b>Oppdatert investeringsbudsjett augsut 2020</b>	<b>Netto</b>	<b>Mva</b>
Utført arbeid	kr 4 740 429	kr 1 185 107
Utført arbeid ved museet	kr 624 126	
Oppdatert entreprisekostnad juni 2020	kr 38 852 785	kr 9 713 196
1% sett av til kunstfremål	kr 466 000	
Søknad om byggjeløyve	kr 100 000	kr 25 000
Flyttekostnader gjenstandar	kr 200 000	kr 50 000
Flyttekostnader - internt	kr 700 000	
Miljørapport sanering	kr 50 000	kr 12 500
Infrastruktur for faste utstillingar	kr 1 000 000	kr 250 000
Utarbeiding av teikningar detaljprosjektering og konkuransedokument	kr 300 000	kr 75 000
Profilering av logo o.l ved inngongar i tunet	kr 100 000	kr 25 000
Innreding magasin		kr -
<b>Sum:</b>	<b>kr 47 133 340</b>	<b>kr 11 335 804</b>
<b>Totalkostnad inkl. MVA</b>	<b>kr 58 469 144</b>	

<b>Finansieringsplan pr. august 2020</b>	
<b>Løyvd/forventa</b>	
Søknad kulturdepartementet	kr 15 200 000
Tilskot fylkeskommunen	kr 5 886 000
Tilskot UNistiftinga inkl. gåveforsterking	kr 625 000
forventa MVA komp. 90%	kr 10 202 223
Sum:	kr 31 913 223
<b>Søknadsbudsjett</b>	
Tilskot kommunar	kr 12 700 000
Fylkeskommunen	kr 9 000 000
Næringsliv/stiftingar	kr 5 000 000
Sum:	kr 26 000 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>kr 58 613 223</b>

Sunnhordland museum fekk i 2014 og i 2015 løyving på 5 800 000,- frå Hordaland fylkeskommune til rehabilitering av Sunnhordlandstunet. Det vert søkt om ytterlegare løyvingar frå Vestland fylkeskommune. Kulturdepartementet løyvde 5 000 000 på statsbudsjettet for 2020, med lovnader om å følgja opp med løyvingar på seinare statsbudsjett opp til 15 200 000,-. Momskompensasjon vil utgjera om lag 10 300 000,- Det er naudsynt å reisa finansiering frå Kommunar, stiftingar og næringsliv for å få fullfinansiert prosjektet.

Museet har i utarbeidinga av søknadsbudsjett teke høgde for at Stord kommune som vertskapskommune for «Nye Sunnhordlandstunet» går inn med ein større del i finansieringa enn dei omkringliggande kommunane. Vidare har museet lagt folketal i kommunane til grunn for søknadsbudsjettet. På bakgrunn av dette søker Sunnhordland museum om at kommunane går inn med tilskot til å realisera «Nye Sunnhordlandstunet», etter følgjande finansieringsmodell.

Kommune	Tilskot pr. innbyggjar	Folketal henta frå SSB	Sum avrunda til næraste 1000
Etne kommune	155	4062	kr 630 000
Sveio kommune	155	5766	kr 890 000
Bømlo kommune	155	11957	kr 1 850 000
Stord kommune	310	18759	kr 5 600 000
Fitjar kommune	155	3189	kr 490 000
Tysnes kommune	155	2869	kr 440 000
Kvinnherad kommune	155	13071	kr 2 000 000
Austevoll kommune	155	5236	kr 800 000
		64909	
			kr 12 700 000

Vi vonar på positiv handsaming av søknaden vår og vil gjerne presentera prosjektet i dei fora de måtte ynskja.

Beste helsing





Linda Øen Direktør, Sunnhordland museum

Vedlegg:

Teikningar av prosjektet «Nye Sunnhordlandstunet»

Presentasjon av prosjektet «Nye Sunnhordlandstunet»





SUNNHORDLAND  
museum



«Nye Sunnhordlandstunet»

Ei betre ramme rundt  
våre felles minne



# *For å bygga ei framtid må me kjenna til fortida*

– **Otto Frank**

Sunnhordland museum er minnebanken for heile regionen – ein bank som har ein unik verdi i forhold til identiteten og kulturhistoria.

Ved å dokumentera historia gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling, utfører me samfunnsoppdraget vårt: Å utvikla og formidla kunnskap

om korleis menneske forstår og samhandlar med omgjevnadene.

Vårt mål er å auka interessa for og kunnskapen om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande sin kjennskap og interesse for regionhistoria, kulturarven og identiteten vår.

Museet arbeider med mange historiske fagfelt. Desse strekkjer seg frå mellomalderen på Halsnøy kloster, via den tradisjonelle fiskar- og bondekulturen og tidleg industrialisering ved båtbygging, gruvedrift og hermetikkindustri, fram til dagens moderne maritime industri.



Som regionmuseum for åtte sunnhordlands-kommunar forvaltar me nær 50 antikvariske bygningar, rundt 25.000 gjenstandar og fleire foto- og privat-arkivsamlingar.

# *På veg mot eit moderne samlingspunkt*

Museumsbygget i Sunnhordlandstunet på Stord er hovudbygget vårt for bevaring av gjenstandar, administrasjon, utstillingar og formidling. Vasslekkasjar, fuktskader og lite fleksible utstillingslokale gjer at bygget sårt treng ei oppgradering - og me har planane klare.

«Nye Sunnhordlandstunet» har eit budsjett på nær

60 millionar kroner. Kulturdepartementet og fylkeskommunen har allereie løyvd midlar. I tillegg er vi avhengige av tilskot og sponsorgåver frå kommunar, stiftingar og næringsliv.

Prosjektet omfattar både nybygg og rehabilitering/ ombygging av eksisterande bygningsmasse. Av nye oppgraderte areal kan me

nemne foaje, vringleareal, black box/kino, festsal, kafé, magasin og museumsbutikk. Uteområdet vert òg oppgradert for auka tilgang for alle.

**Moderniseringa vil rusta oss for framtida og vidare ivaretaking av samfunnsoppdraget til museet.**




Arkitektillustrasjoner  
av «Nye  
Sunnhordlandstunet».

# Samlingsstad for regionen

«Nye Sunnhordlandstunet» vil gi eit endå betre tilbod til barn og unge, auke det kulturelle tilbodet for skular i heile regionen, og endeleg kvalifisere oss som vertskap for fleire vandreutstillingar.

Nye og meir tenlege lokale vil òg gjere Sunnhordlandstunet meir sjølvgåande økonomisk, gjennom inntektsbringande aktivitetar som temakvelder, workshops, auka satsing på turistar, kafedrift og butikk. Auka eigeninntening vil frigjere midlar til museumsdrifta ute i alle kommunane.

Utleige av dei spesialtilpassa romma, som kinosal/blackbox, kjøken og festsal, kjem til nytte for både lagsverksemd, private og næringsliv -og vil vere eit tilskot til kulturlivet i regionen.



Bygget skal tilrettelegga for eit mangfald av arrangement, aktivitetar og vere ein naturleg samlingsstad i regionen.

Linda Øen - direktør

+47 970 67 136

[linda.oen@sunnhordland.museum.no](mailto:linda.oen@sunnhordland.museum.no)

